



VOLDA KOMMUNE
Nærings- og utviklingsstaben
6100 VOLDA

VOLDA, 02.09.2005

Vår ref
PH-03/00945

Løpenr.
006884/05

Arkivkode
L12

BRAUTABOGEN – REGULERINGSPLAN.
EIGENGODKJENNING

Volda Kommunestyret har i sak den 25.08.2005 som sak 0083/05, har gjort slikt vedtak:

Med grunnlag i vedteken arealbruk i overordna plan vert reguleringsplan for "Brautabugen", del av gnr. 98 bnr 3 m.fl. , slik det framgår av reguleringskart og føresegner datert 13.07.2005, eigengodkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-2 nr.1.

Saksutgreiinga finn ein på kommunen si heimesida under **vedtak**.

Dokumenta i reguleringssakene er lagt ut til off. ettersyn ved Servicekontoret i rådhuset, og er gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Vedteken reguleringsplan er bindande innanfor planområda for alle arbeid og tiltak som er nemnde i §§ 81, 84, 86a, 86b og 93 i plan- og bygningslova.

Det same gjeld frådelling og anna bruk av areal og bygningar som kan vanskeleggjere gjennomføring av plan.

Krav om erstatning etter § 32, nr. 1, eller krav om innløyising etter § 42 i plan-og bygningslova må vere sett fram seinast tre -3- år etter denne kunngjeringa, eller tre -3- år etter at eventuelle byggverk er fjerna. Krav om erstatning og innløyising skal ein rette til kommunen.

Ein kan klage på vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker etter motteken melding om vedtak i saka.

Klaga, som må grunngjevast, skal sendast til Volda kommune, Nærings og utviklingsstaben, rådhuset, Stormyra 2, 6100 Volda.

Har De spørsmål til saka ta gjerne kontakt med planseksjonen, telefon 70058717. eller pr. e-post postmottak@volda.kommune.no.

Volda kommune, Nærings- og utviklingsstaben
Planseksjonen

Per Heltne
planleggjar

Postadresse:
Stormyra 2
6100 VOLDA

Telefon:
70 05 87 17
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:
70 05 87 01 Volda kommune

Org. nr. 939 760 946
Postgiro skatt 7855.05.15198
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:
Stormyra 2

E-post:
postmottak@volda.kommune.no